

Innspill sportslig plan:

Det er lagt ned eit godt arbeid i den sportslige planen som er presentert. Kullet vårt har heile vegen ynskt at alle idrettar bør drivast som heilårs-aktivitet så langt ein har trenarar. Vi ynskjer at alle kull skal få spela fotball heile året, og at idrettlaget heller hjelp trenarane å få allsidige treningar. Det er alltid nokon som ivrar meir for ein idrett enn andre, og det er viktig å la desse også få eit heilårstilbod. For mange er det betre å slå saman kull, for å tilby heilårstrening, enn å legge opp til at ein lyt velje mellom t.d. handball og fotball. Det vil resultere i at nokon går gjennom vinteren utan noko å delta i. Vågå IL må la barna og foreldra få bestemme kva de vil delta på gjennom året, ved å ha eit så breidt tilbod som råd, og ikkje snevre inn. På førre trenarforum vart det sagt at det er "naturleg" med fotballpause i desember. Det har vi aldri kjent behov for, og ungane vil gjerne trene to gonger i veka. Vi har hatt eit alderstypisk fråfall frå fotball. Vi har tru på at ein kunne gjort meir for å rekruttere ungar frå Lalm til deltaking på aktivitet i Moåm. Det hadde kanskje vore naturleg å tenkje seg eit sommar/vinter-samarbeid mellom fotball og ishockey? Når det gjeld hospitering har vi bruk for klårare både avtaler og kommunikasjon enn det vi hadde i fjor, da den spelaren som hospiterte oppover ikkje deltok på mange av eget kull-lags kampar. Vi må veta kor mange vii kan rekne med. Når det gjeld det som er skrivi om målsetjingar, haldningar mm. så er det punkt som er lette å slutte seg til. På vegne av 2006-kullet av gutar: Åse-Kari Kobbersletten